

# Protokoll- Årsmøte 2017

## Møre og Romsdal folkemusikklag

**Dato/tid:** 26. mars 2017 /kl 10.00-12.00

**Stad:** Fosnavåg hotell

### **Sakliste:**

1. Registrering av deltakarar med stemmerett
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Velje møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen
4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
  - 1.1. Godkjenning av årsmelding for 2016
  - 1.2. Godkjenning av årsrekneskap for 2016
5. Godkjenning av budsjett for 2017
6. Fastsetjing av lags- og medlemskontingent for 2017
7. Innkomne saker
  - 1.1. Forslag til reviderte vedtekter for MRFL (sak frå styret)
  - 1.2. Forslag til reviderte kappleiksvedtekter for MRFK (sak frå styret)
8. Val av styre, revisor og valkomite
9. Val av utsending til FolkOrg sitt Landsmøte i 2017

### **1. Registrering av deltakarar med stemmerett**

Følgande medlemslag er representert:

- Spelemannslaget Havella
- Hardingfelelaget i UL Ivar Aasen
- Valldal Spelemannslag

- Grendalaget
- Spelemannslaget Dâm og Drag
- Rauma Spelmannslag

Antal deltakarar med stemmerett: 13

Antal observatørar utan stemmerett: 2

## **2. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet til avgjerd, må sendast styret seinast 5 veker før årsmøtet. Laga skal ha melding om årsmøtet i god tid før denne fristen. Sakslista vert sendt lokallaga minst 3 veker før årsmøtet.

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste

## **3. Velje møteleiar, referent og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren.**

**Vedtak:**

Møteleiar: Hanne Salthammer

Referent: Anna Gjendem

Protokollunderskrivarar: Arvid Stennes og Kristiane Runde

## **4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap**

I følge vedtekene har ikkje styret røysterett ved handsaming av årsmelding og regnskap.

### **Sak 4.1 Godkjenning av årsmelding for 2016**

Vedlegg: *Årsmelding for MRFL 2016*

**Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2016 med slike merknader:

1. 2.1 og 3.1: Endring. Hardingfelelaget UL Ivar Aasen rettast til Spelemannslaget UL Ivar Aasen.
2. 4.2: Endring. Vandrepremie vokal: 2016: Unni Løvlid rettast til Unni Boksasp.

3. 4.3: Tillegg. Det var arrangert to Sjokoladekappleik i 2016. Den fyrste vart arrangert i januar av Spelemannslaget Dâm og Drag og den andre i november av Valldal Spelemannslag.

#### **Sak 4.2 Godkjenning av årsrekneskap for 2016**

Vedlegg: *Revidert rekneskap for MRFL 2016 og Revisormelding frå revisorfirma Hovden og Vatne AS.*

##### **Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner rekneskap for 2016.

#### **5. Godkjenne budsjett for 2017**

Vedlegg: *Framlegg til budsjett for 2017*

##### **Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett med merknad:  
- Overføring av overskot frå 2016» flyttast frå inntektsposten til å dekke eit budsjettunderskot like stort som overskotet i 2016.

#### **6. Fastsetjing lags- og medlemskontigent**

Lagskontingenten var i 2016 kr 600 per lag per år. Kontingenten for vaksne medlemmar er kr 60 for vaksne medlemmar og kr 30 for born. Lagskontingent blir innkravd av styret. Medlemskontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert til områdelaga og lokallaga.

**Vedtak:** Etter ein god debatt rundt tema vedtek årsmøtet at lags- og medlemskontingent forblir uendra for 2017.

#### **7. Innkomne saker**

##### **7.1 Sak frå styret - Forslag til reviderte vedtekter for Møre og Romsdal Folkemusikklag**

Styret finn det naudsamt å revidere laget sine vedtekter. FolkOrg sentralt har gjennomgått styret sitt framlegg til vedtekter og komme med sine kommentarar.

Vedlegg: *Framlegg til reviderte vedtekter for MRFL med kommentarar frå FolkOrg.*

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner framlegg til nye vedtekter med slike merknader:

1. §2 Lagsoppgåver. Ta bort: *Laget skal gi ut Folkemusikkbladet to gonger i året.*

2. Generelt: *Landslaget for Spelemenn* endrast til *FolkOrg*.
3. §3 Medlemsskap, tilknytning. Ta bort: *Ein del av kontigenten for lagsmedlemmer/einskildmedlemmer skal gå til Folkemusikkbladet. Storleiken på denne delen vert til ei kvar tid fastsett av årsmøtet.*
4. §4 Årsmøtet. Endre: *Årsmøte vert halde kvart år og skal avviklast seinast 2 veker før årsmøtet i Landslaget for Spelemenn. Endrast til: Årsmøte vert halde kvart år og skal avviklast innan utgangen av april seinast 2 veker før landsmøtet i FolkOrg.*
5. §4 Årsmøtet. Endre: *Lovbrigde* endres til *lovendring*.
6. §4 Årsmøtet. 3) *Fastsetje kontigent og storleik på bladpengar til folkemusikkbladet. Endrast til: 3) Fastsetje kontigent.*
7. §4 Årsmøtet. *Årsmøtet i Landslaget for Spelemenn* endres til *Landsmøtet for FolkOrg*.
8. §5 Val. *Styret er samansatt av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer, i tillegg er redaktøren av Folkemusikkbladet fullverdig styremedlem. Endrast til: Styret er samansatt av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer.*
9. §5 Val. *Dessutan vel årsmøtet for eit år tre varamedlemmer til styret, og to revisorar. Det skal også veljast ei valnemd på tre personar, ein frå kvart fogderi, for eit år, der ein vert vald som leiar. Endrast til: Dessutan vel årsmøtet for eit år to varamedlemmer til styret, og to revisorar. Det skal også veljast ei valnemd på to personar, for eit år, der ein vert vald som leiar.*
10. §6 Styret- Legg til: *Styreleiar og nestleiar signerer på vegne av laget.*
11. §9 Lovendring. Endre: *Denne lova kan berre endrast av årsmøtet eller omframnt årsmøte med 2/3 fleirtal. Endrast til: Denne lova kan berre endrast av årsmøtet eller omframnt årsmøte med 3/4 fleirtal.*

## **7.2 Sak frå styret - Forslag til reviderte kappleiksføresegn for Møre og Romsdal folkemusikklag**

Styret ønsker å revidere kappleiksføresegnene. Årsaka er ønsket om å modernisere og forenkle regelverket rundt fylkeskappleiken.

Det føreligg tre utkast til nye kappleiksføresegner:

1. Styret har utarbeidd eit forslag til nye kappleiksføresegner (vedlagt)
2. Ola Vestavik har også kome med forslag til nye kappleiksføresegner (vedlagt)
3. FolkOrg sentralt har sett over dei to utkasta og dei anbefaler årsmøtet å velge styret sitt framlegg. Dei ønsker nokre små

endringar i teksten så dette utkastet legg vi fram som eit tredje utkast til (vedlagt)

**Vedtak:** Årsmøtet valde å utsette saka til neste årsmøte etter lang og god diskusjon rundt tema. Styret følger opp saka og legg den fram eit nytt utkast til kappleiksføresegn for neste årsmøte. Medlemslaga ønsker deltaking undervegs i prosessen.

## 8. Val av styre, revisor og valkomite

Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer, i tillegg er redaktør av Folkemusikkbladet fullverdig styremedlem. 1. varamedlem vert alltid innkalla til styremøte. Laiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år, slik av minst to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret, og to revisorar\*. Det skal også veljast ei valnemd på tre personar, ein frå kvart fogderi, for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg.

*\* Val av revisor fell vekk då Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om autorisert revisor ved pengeløyver på over kr 50.000. MRFL har skrive kontrakt med firmaet Hovden og Vatne i Ørsta.*

Valkomite har i 2017 vore May-Grethe Gridset og Guttorm Ulvund. Alle kandidatar er forespurt og har takka ja til verv. Valkomiteen føresler å redusere antal varamedlem til to og antal personar i valkomiteen til to.

### Valkomiteen sitt framlegg:

Leiar: Hanne Moldver Salthammer (for eitt år, attval)

Styremedlem: Nina Byttingsmyr (ikkje på val, eitt år igjen)  
Kristiane Runde (ikkje på val, eitt år igjen)  
Ola M. Vestavik (for to år, attval)  
Leikny Aasen (for to år, attval)

Varamedlem: Anna L. S. Gjendem (for eitt år, attval)  
Daniel Dyrnes (for eitt år, ny)  
XX (for eitt år, utgår)

Valkomite: May-Grethe Gridset (leiar, for eitt år, attval)  
Runhild Heggem (for eitt år, ny)  
XX (for eitt år, utgår)

Styret konstiturerar seg sjølve.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtek:

Leiar: Hanne Moldver Salthammer (for eitt år, attval)

Styremedlem: Kristiane Runde (ikkje på val, eitt år igjen)  
Ola M. Vestavik (for eitt år, attval)  
Nina Byttingsmyr (for to år, attval – tek siste periode for Ola M. Vestavik)  
Leikny Aasen (for to år, attval)

Varamedlem: Anna L. S. Gjendem (for eitt år, attval)  
Daniel Dyrnes (for eitt år, ny)

Valkomite: Runhild Heggem (leiar, for eitt år, ny)  
Bodil Tessem (for eitt år, ny)

**9. Val av utsending til Landsmøtet til FolkOrg**

FolkOrg arrangerer landsmøte 28.–30. april 2017 på Quality Hotel 33, Økern i Oslo. Etter vedtekten til FolkOrg kan områdelag stille med ein representant til landsmøtet.

**Vedtak:** Årsmøtet vel Hanne Salthammer som utsending til FolkOrg sitt landsmøte.

Protokoll godkjent dato: 21.04.2017

Signatur:



Signatur:

